



Vedtekter for barnehagane i Hemsedal

Vedtatt i

Gjeldande frå 1.8. 2024

Vedtatt i kommunestyre sak127/2023.

1. Eigar	Hemsedal kommune er eiger av barnehagane og ansvarleg for drifta.
2. Forvaltning	Barnehagane skal drives i samsvar med Lov om barnehagar med forskrifter og retningslinjer departementet til ein kvar tid fastsett for drift av barnehagar. Likeins skal dei drives i samsvar med kommunale vedtak og planverk for den enkelte barnehage. Barnehagen er politisk underlagt Hovudutval for livsløp.
3. Formål	Barnehagen skal i samarbeid og forståing med heimen ivareta barnas behov for omsorg og leik, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Barnehagen skal bygge på grunnleggande verdiar i kristen og humanistisk arv og tradisjon, <i>jf. Lov om barnehagar § 1.</i>
4. Foreldreråd og samarbeidsutval	FAU I samsvar med Lov om barnehagar §4 og forskriftene, skal barnehagane ha eit samarbeidsutval og eit foreldreråd i kvar barnehage. Foreldrerådet består av alle foreldre. Dei vel eit arbeidsutval (FAU) med medlemmar frå alle avdelingane. SU Samarbeidsutvalet skal vere eit rådgivande, kontaktskapande og samordnande organ. Samarbeidsutvalet består av foreldre og tilsette i barnehagen, slik at kvar gruppe er likt representert. Barnehagens eigar kan delta etter eige ynskje, men ikkje med fleire representantar enn kvar av dei andre gruppene. Samansetting av representantar i SU: 2 repr frå foreldra i barnehagen 2 repr frå tilsette i barnehagen 1 repr frå leiinga i barnehagen (styrer) 1 politisk valt, som representerer barnehagens eigar Styrar har møte- og uttalerett og fungerer som sekretærar i SU.

	Ved nødvendig samarbeid med skulen innkallar ein inn 2 rep. frå skule/SFO til møte.
5. Godkjenning	Barnehagane er godkjent for barn frå 1- 6 år. Arealnorma: 4 m ² leike - og oppholdsareal per barn over 3 år. 5,3 m ² leike – og oppholdsareal per barn under 3 år. Uteområdet skal vere seks gonger leike- og oppholdsarealet inne. Krava vert å sjå på som minimumskrav.
6. Opningstid	Barnehagane i Hemsedal er heildags barnehagar, 5 dagar i veka. Sjå punkt. 12. Ferie, for nokre unntak. <ul style="list-style-type: none"> • Opningstid kvar dag frå kl. 7.30- 16.30. • Barnehagane held stengt jule- og nyttårsaftan. • Onsdag i påskeveka stenger barnehagane kl. 12.00 • To veker sommarstengt: veke 29 og 30 Føresette har høve til å søke om utvida opningstid etter behov, inntil ein halv time per dag.
7. Søknad om plass	Søknadsfrist er 1.mars og 1.oktober Barnehagane i Hemsedal har følgjande tilbod om plass: 3, 4 eller 5 dagar per veka. Søknad om barnehageplass ligger inne på www.hemsedal.kommune.no .
8. Opptak, opptakskrins og opptakskriteria	Opptaket er eit administrativt ansvar som er lagt til kommunaldirektør, der vedtaksmynde er delegert til styrar og fagleiar. Opptakskrinsen for alle barnehagane er heile Hemsedal kommune. Etter lov om barnehagar § 16 har alle barn som er busett og som har meldt flytting til kommunen, rett til barnehageplass frå dei fyller 1 år. Hemsedal kommune har 2 opptakt i året som føresette kan søke på: <ol style="list-style-type: none"> 1. Hovudopptak 1.mars. med oppstart medio august. 2. Andre opptak 1. oktober med oppstart frå januar i påfølgande år. Ved ledig kapasitet kan barn bli tildelt plass utanom hovudopptaket. Dersom ein treng å prioritere ved tildeling av plassar blir kriteria i Lov om barnehagar § 18 lagt til grunn.

9. Klage på opptak	Tildeling av plass/avslag på søknad om plass i barnehagen er enkeltvedtak etter <i>Forskrift om saksbehandlingsregler ved opptak i barnehage</i> § 6. Slike vedtak kan klagast på innan 3 veker. Klagen skal då sendes til Hemsedal kommune. Dersom klaga ikkje vert teke til følge, vert den då sendt vidare til kommunalsjef for kultur og oppvekst/kommunedirektør.
10. Oppseiling	Barn som har fått tildelt barnehageplass, har då plassen fram til skulestart. Tildelt plass kan bli sagt opp med en månads varsel frå 1. eller 15. i månaden. Oppseilinga skal skrivast på eige elektronisk skjema som er å finne på kommunen sine heimsider eller i VISMA app.
11. Betaling	Foreldrebetalinga følger gjeldande lover og forskrifter. Det blir gitt 30 % søskensmoderasjon for 2. barn, og frå 3. barn i familien, er det 100% søskensmoderasjon. For fosterbarn er det ansvarskommunen som betaler for barnehageplassen. Det er betaling for 11 månader i året. Det er fri betaling i juli månad. Oppstart mellom 1.-15. i månaden - full betaling, oppstart mellom 16.-31. i månaden - halv betaling Ved for sein henting, etter åtvaring, må det betalast bot på 500,-. Det er mogleg å söke om redusert foreldrebetaling, jf. ordninga med at ingen skal betale meir enn 6% av inntekta si til barnehageplass. Redusert betaling blir innvilga etter følgande moderasjons ordningar for hus haldningar med låg inntekt: 1. Maksimalprosent av inntektene. Ingen skal betale meir enn 6 % av inntektene for ein barnehageplass. 2. Gratis kjernetid, 20 t/uke, for ulike aldersgrupper, samt barn med utsett skulestart. Administrasjonen avgjer korleis tilbodet gis. Inntektsgrunnlaget blir bestemt av departementet.
12. Ferie	Barnehagane er stengd veke 29 og 30. Personalet ordnar ferieavviklinga slik at det til kvar tid er kjende personale til stades for forsvarleg drift.

	<p>Det er eit krav om at barnet må ta ut 4 veker ferie i løpet av barnehageåret.</p> <p>3 av desse vekene må leggjast i perioden 15. juni - 15. august.</p> <p>Foreldra skal melde frå om ferien til barna til den einskilde barnehage seinast 1. mai.</p> <p>Den 4 ferieveka kan foreldra dele ferien opp i enkeltdagar etter avtale med barnehagen</p>
13. Planleggingsdagar	Barnehagane skal i løpet av eitt barnehage år ha 5 planleggingsdagar. Barnehagane held stengt desse dagane. Plassering av desse dagane blir lagt inn i årshjulet for barnehagane.
14. Politattest	Dei som skal arbeide i barnehage må legge fram tilfredsstillande politattest jf. Lov om barnehagar § 30. Dette gjelder også for studentar som skal ha praksis i samband med utdanning i barnehage.
15. Teieplikt	<p>Personalet i barnehagen har teieplikt i alle tilhøve vedkommande barna og deira heimemiljø. Teieplikta gjeld alle som er til stades i barnehagen.</p> <p>Teieplikt omfattar både en plikt til å tie om opplysningar om personlege forhold man får kjennskap til som tilsett i barnehagen, og en plikt til å hindre at nokon på ein eller annan måte får kjennskap eller tilgang til slike opplysningar.</p>
16. Opplysningsplikt og aktivitetsplikt	<p>Alle som arbeider i barnehage skal vera merksam på forhold som kan føre til tiltak barnevernstenesta.</p> <p>Dei tilsette har plikt til av eige tiltak og melde frå om slike saker. jf. <i>Lov om barnehagar</i> § 23.</p> <p>Barnehagelova § 22 pålegg barnehagepersonalet å gje opplysningar av eige tiltak til barnevernstenestene, når det er grunn til å tru at det føreligger mishandling av barn eller andre former for alvorleg omsorgsplikt.</p> <p>Alle som er tilsett i barnehagen har en plikt til å gi opplysningar til barnevernet, men barnevernstenestene må gi en konkret bestilling over kva opplysningar dei trenger om barnet, og kan ikkje krevje å få en fullstendig journal.</p> <p>Barneverntenesta skal ikkje få fleire opplysningar enn nødvendig.</p>

17. Internkontroll	Kvar barnehage skal ha eit internkontrollsysteem som er godkjent av eigar. Systemet skal omfatte både HMS, Miljøretta helsevern for skule og barnehage og sikkerheit på leikeplassar.
18. Frammøte/fråvær	Barna skal følgast til barnehagen og det skal gjevast beskjed om at dei er kome og att dei blir henta. Reduksjon i betalinga i halve eller heile månader gis ved samanhengande fråvær grunna sjukdom. Legeattest må leggast ved. Ved ønske om annan permisjon frå barnehagen med redusert betaling, sendes skriftleg søknad til barnehagestyrar som avgjer søknaden i kvart enkelt tilfelle.
19. Endring av vedtekten	Vedtekten for dei kommunale barnehagane kan berre endrast etter vedtak i Hemsedal kommunestyre etter framlegg frå Hovudutval for livsløp.